

Fagskulen i Vestland, studiestad Måløy				Dok.id.: 1.4.2
Definisjonar og forkortelser (Abbreviations)				Standard
Utgave: 2.00	Skrevet av: DNVGL/ Inger Vedvik Nygård	Gjelder fra: 21.11.2022	Godkjent av: L.B.	Sidenr: 1 av 2

<i>Definisjonar</i>	<i>Beskriving</i>
Driftsplan	Plan som viser ei detaljert oversikt over kva for tema ein skal gå gjennom i dei enkelte emne.
Framdriftsplan	Plan som viser ei detaljert oversikt over kva for tema ein skal gå gjennom i dei enkelte emne og når temaa skal gjennomgåast. Planen skal gi ei oversikt over når arbeidskrava skal ut- og innleverast og tilvising til læremateriell.
Emne	Samling av tema som danner den minste del som gir karakter i ei utdanning. Emna sitt omfang er målt i studiepoeng.
Emneomtale	Omtale av innhaldet i eit emne.
Emneplan	Emneplanen er ei samla oversikt over innhald i emna. (Alle maritime fagskuleutdanningar i Norge har felles emneplanar).
Kvalitetsstyringssystem	Kvalitetssikringssystemet (KS-system) til skulen er basert på ein godkjent maritim standard (DNV GL standard 0029).
Studiepoeng	Mål på arbeidsomfang i studiet. 60 studiepoeng svarar til eitt års studium på heiltid.
Arbeidskrav	Obligatoriske krav til arbeid som i samsvar med studieplanen må vere godkjent for at studenten kan få vurdering i emnet.
Læringsutbytte	Kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse studenten har tileigna seg etter fullført emne eller studieprogram (LUB).
Studieplan	Ei plan for eit studium med mål, oppbygging av studiet, innhald, progresjon, forventa læringsutbytte, lærings- og vurderingsformer samt obligatoriske arbeidskrav.
Vurdering	Bedømming av læringsutbyttet til studenten.
Vurderingskriterier	Oppstilling over kva lærar og sensor skal vektlegge når oppgåver, innleveringar og eksamenar vurderast.
Eksamen	Avsluttande prøve eller oppgåve, der resultatet visast som eigen karakter på vitnemålet.
Sensur	Bedømming av eksamen.
Studieavgift	Eigenbetaling av studiet.
Semesteravgift	Dekning av administrative utgifter og medlemskap i studentorganisasjonar.
Studiekontrakt	Individuell, skriftleg og bindande avtale mellom studenten og Fagskulen.
Student	Person med gyldig studiekontrakt med Fagskulen.
Søkar	Person som søker opptak til studium, modular eller enkeltkurs ved Fagskulen.
Rettleiing	Rettleiing er ei målretta samtale som stimulerer deltakaren til å finne egne svar. Rettleiinga skal oppmuntre til refleksjon og til at deltakaren er aktiv både under samtalen og i perioden mellom kvar rettleiing. Deltakaren skal «lære å lære» ved å vere aktiv i eigen læringsprosess, og dermed utvikle sjølvstende og ansvar for eiga læring.
Realkompetanse	Dokumentert kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse tileigna uavhengig av læringsarena, gjennom formell, ikkje-formell og uformell læring. Formell læring er den som skjer i utdanningssystemet, eventuelt for anna autorisasjons- og/eller sertifiseringsformål og ikkje-formell læring er strukturert opplæring gjennom kurs og andre tilbod som ikkje inngår i utdanningssystemet. Uformell læring skjer gjennom livet på arenaer som ikkje først og fremst er berekna på strukturert læring, gjennom yrkespraksis, ubetalt arbeid, organisasjonsarbeid eller liknande.
Realkompetansevurdering	I ei realkompetansevurdering målast realkompetansen opp mot kriteria fastsett i gjeldande læreplan eller studieplan. Realkompetansevurdering kan gi grunnlag for opptak til fagskuleutdanning eller fritak for emne som del av ei fagskuleutdanning.
Mappevurdering	Ein systematisk samling studentarbeider som viser innsats, framskritt og prestasjonar innanfor eitt eller fleire områder. Samlinga må omfatte student

	medverking når det gjelder val av innhald, utvalskriterier og kriter for å bedømme nivået, og den må vise studentens sjølvrefleksjonar.

Table 1-2 Abbreviations (DNVGL)

Abbreviation	Description
ADDIE	analysis, design, development, implementation and evaluation
IMO	International Maritime Organization
ISD	instructional system design
OPITO	Offshore Petroleum Industry Training Organization
STCW	Standards of Training, Certification and Watchkeeping Convention

Kryssreferanser

Eksterne referanser